



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 08.10.2019 kl 18.00 i Kyrkjelydshuset.

Desse møtte:

Audun Digranes, Anne Lise Ljotebø, Borgny Birkeland, Leif Arne Fureli, Erlend André Høyvik Haugsbø, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Anna Sofia Høyvik, Ellinor Henjasand Austreim og Sturla Bell Fossen.

Desse hadde meldt forfall:

Irene Aase Aarseth, Stine Iren Røyseth, Jarle Berge, Runar Matsui-Li.

Lisbeth Haugsbø, møtte ikkje. Kantor Gerda Otterstein deltok under sak 025/19.

Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste: Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte.
. Ny soknerådsmedlem heiter Høyvik, ikkje Høyvik. Elles ingen merknadar.

Grunna kantor sin timeplan gjekk ein rett til vedtakssak 025/19.

Sak 025/19: Salmekveldar i Kyrkjebø sokn.

Kantor orienterte om sine tankar rundt salmekveldane, og møtelyden vart orienterte om dei planane som tidlegare låg føre om to salmekveldar hausten 2019. Salmekvelden i september vart avlyst.

Soknerådet drøfta ulike tema:

- skal salmekveldane ha eit spesielt tema
- blandinga av nye og kjende salmar
- uformelle samlingar og innlæring av nye salmar bør vere eit mål.

For den planlagde salmekvelden 14.11. på Kyrkjebø vart dette vedteke:

Salmekvelden 14.11.19 vert avvikla etter den malen som kantor tidlegare har føreslege. Digranes sender salmelista ut til alle soknerådslemene, og samordnar innspela til programmet.

Meldingssaker:

000015 Soknepresten har ordet. Saka fall ut sidan presten er fråverande.

000016 Rekneskapsrapport. Rapporten vert teken til vitring slik den føreligg.

000017 Oppsummering av soknerådsvalet.
Soknerådsleiaren gjekk gjennom valresultata for Høyanger.

framhald: 1/2

000018 Kurs for nye soknerådsmedlemer.

Prosten har invitert til kurs for nye medlemer i sokneråda onsdag 16. oktober i Førde.

Alle medlemene i det nye soknerådet vil delta, og ordna skyss til Førde der og då. Kyrkjekontoret må sende samla påmelding innan fristen prosten har sett.

Vedtaksaker:

Sak 026/19: Plan for det kyrkjelege arbeidet i 2020. Saka vert utsett til neste møte.

Sak 027/19: Framlegg til 2020 budsjett. Soknerådsleiaren la fram eit utkast til budsjett.

Dette vart samrøystes vedteke, og er vedlegg til møteboka..

Sak 028/19: Konstituering av nytt sokneråd

Digranes orienterte om kva som skulle veljast, valperiodane, og kva arbeidsoppgåver som ligg til høvesvis soknerådet og kyrkjeleg fellesråd. Han orienterte også om at Irene Aase Aarseth hadde ytra tvil om kor heldig det var for kyrkjeleg tilsette å evt. også vere medlem i kyrkjeleg fellesråd. Det *kan* vere vanskeleg.

Det nye soknerådet (5 av 6 var til stades) gjekk deretter til skriftleg avrøysting. Teljekorps var Audun Digranes, Leif Arne Fureli og Erlend André Høyvik Haugsbø.

Resultatet vart slik:

Leiar: Sturla Bell Fossen 4 røyster. Irene Aase Aarseth 1 røyst.

Nestleiar: Irene Aase Aarseth 3 røyster, Anna Sofia Høyvik 1 røyst. Kari Henny Dale 1 røyst.

Sturla Bell Fossen er ny leiar for eitt år. Irene Aase Aarseth er ny nestleiar for eitt år.

Sak 029/19: Val til Kyrkjeleg Fellesråd for perioden 2020 – 2023.

Etter kort diskusjon vart verva slik fordelte, valde ved akklamasjon:

Medlem:

Personleg vara:

**Sturla Bell Fossen
Kari Henny Dale**

**Ellinor Henjasand Austreim
Aud Kjersti Haugen.**

Påtroppande leiar takka avslutningsvis dei avgåande medlemene og dei fekk kvar sitt jubileumshefte i gåve. Avgåande leiar fekk blomar og takk for vèl utført arbeid med leiing av soknerådet dei siste fire åra.

Møtet slutt: 20.00.

Sturla Bell Fossen
- skrivar -